

Perfekt bru-operasjon

06.12.2012



Brua er snart på plass

Då Magne Huglen førre gongen skulle få på plass att den flomskada brua over Dønhaughølen datt brua ned i elva og vart øydelagt. I føremiddag vart operasjonen gjenteke med ein gamal fergelem og den vart like vellukka som den førre var mislukka.

Johs. A. Hjelmeland frå Omvikdalen køyrde den nye brua på 18 tonn frå Børnes kai og Stord Mobilkran løfta den store stålkonstruksjonen smertefritt på plass over elva etter først å la løfta den på bilen. Heile operasjonen var smertefri, men så var den også godt planlagd, det var til og med politieskorte frå Børnes og opp til Holmen.



Takk for god jobb!

Operasjonen skulle egentleg gått føre seg ei tid sidan, men det har ikkje vore moegeleg å køyra med så tunge lass frå fylkesvegen og ned til elva. Difor kom kaldveret som bestilt og det tunge lasset sette knapt nok spor etter seg. Brukonstruksjonen, som truleg er eigna til å stå imot ein flom uansett omfang, er 15,5 meter lang og 4 meter brei.

No vil ein igjen få ein stuttare transportveg for avlinga som vert teke på den andre sida av elva.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Klar til avgang frå Børnes